

AVTALE

mellom

Meland kommune

og

Jørund Brakstad

Eigar av gbnr. 23/392 i Meland kommune

Avtalen gjeld tiltak for å unngå flaum i område rundt Holtermandsvegen. For å handtera overvatnet skal kommunen leggje overvassrøyr i område. Dersom overvassrøyra ikkje tek unna nedbøren, må vatnet gå via flaumveg. For å etablere flaumveg med tilstrekkeleg fall er det naudsynt at eksisterande veg til eigedomane vert senka. Samstundes med arbeidet vil eksisterande vass- og avløpsleidningar bli skifta ut.

Meland kommune og eigar av gnr. 23 bnr. 392 i Meland kommune har inngått følgjande avtale om overvasstiltak, der kommunen er ansvarleg for prosjektering, anleggsarbeid og seinare drift og vedlikehald:

1. Meland kommune gjevast rett til å iversetje overvasstiltak på eigedomen. Herunder har kommunen rett til å leggje og ha liggjande overvassrøyr og til å etablera ein flaumveg. Vidare skal kommunen bytte ut eksisterande vass- og avløpsleidningar. Den aktuelle plasseringa av tiltaka er synt på vedlagte forstørring av kart i målestokk 1:1000. Det kan bli mindre tilpassingar innanfor anleggsbeltet i samband med detaljprosjekteringa og utføringa av anlegget.
2. Meland kommune har vidare rett til tilkomst til overvasstiltaka i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og forsyning, samt rett til å nytte private framkomstvegar i samband med arbeidet og seinare kontroll.
3. Overvasstiltaka og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert berørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenopprettet i den grad det er mogleg. Følgjande er nærmere avtalt:
 - Utføringa av gjenopprettninga gjerast i samråd med grunneigar.
 - Kommunen vil leggje til rette for at aktivitar med trampoline og huskedisse kan gjennomførast i område der det skal leggjast kloakk, då dette området vil verte planert ut. Kva gjeld område som i dag blir nytta til trampoline og huskestativ, vil kommunen leggje overskytande masser utover slik at plenen vil skrå jamt nedover jordet, i samråd med grunneigar.
 - Kommunen vil sørge for å asfaltere vegen til eigedomen, etter at arbeidet med overvasstiltaka er ferdig utført.
 - Kommunen vil erstatte den noverande hekken med eit støypt plankegjerde.

- I samråd med entreprenør vil kommunen gjere tiltak for å unngå setningskader. Mellom anna vil kommunen arbeide lengst mogelege vekk i frå områder der fundamentet er därleg og operere med ein kort open grøft. Ved sprengningsarbeid vil kommunen ordne med rystelsesmåler for å ha kontroll over kor store rystelser eigedomen utsettast for dersom det er naudsynt med sprenging for å få utført overvasstiltaka.
4. Kommunen er ansvarleg for at anleggsarbeidet og for eventuelle skadar som måtte oppstå som følgje av tiltaket. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen, til dømes setningskader, som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst eventuelt skjønn. Skadar ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal handterast på same måte.
 5. Byggetiltak nærmere enn 4 meter frå overvasstiltaka må godkjennast av kommunen på førehand. Elles må det tett inntil anlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå førenemnde føresegner.
 6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, gjennomføre synfaring.
 7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar kostnadene ved tinglysinga.

Stad og dato:.....

Stad og dato:

Eigar av gnr. 23 bnr.392

Meland kommune

.....

.....

.....

Personnr.:.....

Orgnr.: 951 549 770